



# ÅRSPLAN 24/25

Lande FUS barnehage



# INNHOLD

## 1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon  
Verdiar  
Hovudmål

## 2. Om barnehagen

## 3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom  
Demokrati  
Mangfold og gjensidig respekt  
Likestilling og likeverd  
Berekraftig utvikling  
Livsmeistring og helse



## 4. Barnehagen sitt føremål og innhold

Sosioemosjonell støtte og veiledning  
Organisering og leiing  
Læringsstøtte

## 5. Barn sin medverknad

## 6. Samarbeid

Foreldresamarbeid  
Samarbeid med andre instansar



## 7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen  
Overgangar innad i barnehagen  
Overgang frå barnehage til skule

## 8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon  
Planlegging  
Vurdering  
Dokumentasjon  
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.

## 9. Barnehagen sine fagområde



BARNET  
FØRST!



# 1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE

Årsplanen viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37). Årsplanen beskriv korleis me jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.



## Visjon:

Saman gjev me barndommen verdi: Venskap, leik, glede og kvardagsmagi

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva vi ønskjer at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det vi strekkjer oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

## Våre metodar for å jobbe mot visjonen

- I vår barnehage har vi eit ønske om at borna skal knytte vennskapsband, ikkje berre inn ad i avdelinga si, men på kryss og tvers av både rom, alder og etasjar. Vi jobbar kvar dag med å sikre at alle barn har ein ven og kjenner seg inkludert i leiken. Leiken er barnas viktigaste aktivitet i ein hektisk barnehagekvardag og skal ta stor plass hos oss. Vi ønsker at barna skal oppleve kvardagsmagi – skape fine augneblink der magien oppstår enten i møte med andre barn, vaksne eller naturen.
- Trygg tilknyting (COS – Circle of security). Barnehagen skal i samarbeid med føresette legge til rette for at barn skal få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får til å verte kjende, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Barn treng sensitive og varme vaksne rundt seg, og tryggheit er ei føresetnad for at barna skal utforske, leike og lære.

## **Verdiar:**

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva vi står for, kva vi trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen.

### **Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:**

- Vi brukar personalet sine ibuande interesser og ressursar til å inspirere og støtte barna i leik og aktivitet. Engasjerte ansatte skal gripe stunda og medverke til at borna blir nyfikne og har eit ønske om å lære og utforske. Vi skal vere engasjerte i barnas interesser og sjå moglegheitene og ikkje avgrensingane.
- Vi er fysisk og mentalt tilgjengeleg for borna –setter deira behov først. Vi skal sjå kvart enkelt barn, vere merksame, omsorgsfulle, til stade og delta aktivt i samspel med borna.
- Personalet i barnehagen skal vise eit glødande engasjement for, til og med barna. Barna skal få medverke i sin eigen kvardag. Saman med engasjerte vaksne skal vi skape glede og fine opplevingar i barnehagen.

## **HOVUDMÅL**

FUS barn har eit positivt sjølvbilete.

FUS barn er trygge og forskande, trivast i leik og har vennekompesantse.

FUS barn gler seg til “resten av livet”, og veit at dei har moglegheit til påverknad og at innspela deira tel.

FUS barn har det gøy i barnehagen.



### **Våre metodar for å jobbe mot måla:**

- Vi vil at alle barn skal på kjenne på at dei er verdifull. At dei spelar ei viktig rolle i andre sine liv og at dei er sakna når dei ikkje er i barnehagen. Dette gjer vi ved å fokusere på alle born sine positive sider, kva kvar enkelte meistrar og er flink til. Vi ser på mangfaldet i barnegruppa som ein flott ting, og ønsker å løfte fram både likskapane og ulikskapane slik at barna får gode erfaringar med at vi er forskjellige. Vi rustar oss til å møte den mangfaldige verda som ventar utanfor barnehagen og heimen, og har som mål at alle skal kjenne seg so trygge i seg sjølv at dei alle er rusta for å møte den med kjærleik.
- Ved å sjå nærrare på ulikskapane våra vert vi betre kjent med kvarandre og lærer å forstå kvarandre på ein betre måte. Borna skal få lære at dei kan påverke

verda rundt seg med å ta del i bestemmingar som vert gjort. Vi hører på kva barna har å seie, og tek innspela deira på alvor i stort og smått. Dette tek vi med oss vidare både i den spontane leiken, men også i planlegging av barnehagekvardagen elles. Barnas interesser og ønsker ligg til grunn når personalet planlegg aktivitetar, turar og bursdagsfeiringar.

• Glede har ein stor og viktig plass i barnehagen vår. Vi er ein gjeng med kreative ansatte som gjerne står på ekstra for at kjekke ting skal skje. Hos oss er både sydendag med utebasseng og eit leikerom fylt med sand, friluftsdagar og den årlege Landeplagefestivalen gode eksempel på dette. I 2023/24 er også “Livsglede” felles overordna tema for heile barnehagen.


### **Me er ansatte som trivst i jobben vår**

I FUS barnehagane har me eit felles slagord, «Barnet først». Det inneber at alt me gjer skal vera til barnet sitt beste. «Barnet først» er òg namnet på kompetansesatsinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle våre barnehagar.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Fyrst ei beskriving av kva rammeplanen seier, så ei beskriving av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.



## 2. OM BARNEHAGEN



Barnehagen opna i november 2013 og ligg på Sjøholt i Ålesund kommune. Vi er ein av totalt 180 privateigde FUS-barnehagar i landet. Vi har omkring 65 barn hos oss fordelt på fire avdelingar. På Eklogitt og Kvarts som ligg i 2. etasje har vi barn frå 3-6 år og på Gneis og Glimmer i 1. etasje har vi 1-2 åringar.

Lande FUS barnehage ligg idyllisk til med naturens eigen leikeplass rett utanfor gjerdet. Vi har flott utsikt til fjord og fjell og gangavstand til alt vi kan ønske oss, og vi veit å nytte oss av det. Når vi ser på omgivelsane er det lett å forstå at friluftsliv har ein stor plass hos oss. Minst ein gong i veka tek vi med borna på tur for å utforske og leike i naturen. Oftast går turen til eit av dei faste turmåla våra, td. Leikeplassen på Lande, Lavvoen vår i Bårdsgjerde, Marius-skogen, Sumpen eller Dalane, gjerne med stormkjøkken i sekken. Vi tilpassar turane etter alder og modning og ønsker at borna skal oppleve glede og meistring utifrå eget nivå. Med god hjelp frå foreldre har vi no fått på plass ein ny lavvo i inne i skogen i Bårdsgjerdet. Denne står oppe heile året og har om med vedfyring. Dersom vi skal på skikkeleg "langtur" går vi oftast ein veg, og avsluttar dagen der "basen" vår er. Døme på dette er dagstur til Ottamarka, Prestefjøra eller sentrumstur med t.d. besøk på biblioteket.

I tillegg til den daglege kontakta vi har med føresette gjennom hente- og bringesituasjonar bruker vi appen MyKid. I MyKid deler vi blant anna planar, informasjon, foto og innhentar det meste vi treng av informasjon og samtykkjer om barna.

Vi støtter oss til SmartMat sine kosthaldsråd, noko som skal sikre barna eit sunt, godt og variert kosthald. Vi tilbereder det meste frå grunnen av, og serverer i størst mulig grad reine produkt til måltida. Barna får i stor grad vere med på å lage til maten vi serverer. Vi bruker tid på å snakke om kva matvarer er og kvar dei kjem i frå. Dette gir matglede og motiverer barna til å smake på mat dei elles kanskje hadde takka nei til. I tillegg til fokus på maten vi et er også sjølv måltidet viktig. Vi ser på måltidet som ein sosial arena der barna samlast rundt bordet med eit felles mål om å ete seg mette og å ha det triveleg rundt bordet. Kostpengar på 500 kr pr mnd. dekker frokost, lunsj og ettmiddagsmåltid i barnehagen.

Tradisjon tru avsluttar barnehageåret med Landeplagefestivalen, to dagar til ende med leik, glede og galskap!





## 3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)



### Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplivingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadane, men barn påverkar òg sitt eige liv.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

### Vårt syn på barn og barndom:

Barnehagen skal møte alle barn med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Gjennom metoden TIK (Tuning in to kids) forsøker vi å møte alle barn på ein respekfull og forståelsesfull måte. Vi tonar oss inn på barnet, anerkjenner følelsane og opplevelingane barnet har og rettleier barnet ut i frå dette. Slik hjelper vi barnet til å forstå sine egne følelsar og sjå samanhengen mellom seg sjølv om omgivnaden.



## Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»  
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

## Våre metodar for å fremje demokrati:

Barna skal få lære at dei kan påverke verda rundt seg med å ta del i bestemmingar som vert gjort. Vi hører på kva barna har å seie, og tek innspela deira på alvor i stort og smått. Dette tek vi med oss vidare både i utvikling av den spontane leiken, men også i planlegging av barnehagekvardenes elles. Barnas interesser og ønsker ligg til grunn når vi planlegg aktivitetar, turar og bursdagsfeiringar. Ved å ha avstemmingar på kvar ein skal gå på tur eller kva nista skal vere får borna lære om demokrati og fleirtalsavgjersler.

## Mangfold og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verd i fellesskapet. Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

## Våre metodar for å fremje mangfold og gjensidig respekt:

I Lande FUS barnehage skal vi jobbe for at alle opplever å bli respektert. Gjennom å vise barna respekt og handle på ein respektfull måte kan ein få respekt tilbake. Vi skal gje borna ei forståing av at vi er ulike og at vi har ulike kvalitetar. Vi skal sette pris på ulikskapen og mangfaldet vi har og sjå nytten og verden av at vi er ulike.

## **Likestilling og likeverd**

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

## **Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:**

- Alle skal få like mogleheter til å utvikle seg i barnehagen vår. Det gjeld både gutter og jenter, og barn med ulike kulturar. Vi jobbar for at alle skal vere inkludert og verte høyrt, det er dei vaksne sitt ansvar at også dei stille barna får ytre sine ønsker og behov.
- Vi har nulltoleranse for mobbing og diskriminering. Vi skal skape eit barnehagemiljø som fremmer helse, trivsel, læring og utvikling.




## **Berekraftig utvikling**

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik me kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

## **Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:**

Vi er opptatt av å bruke og å ta vare på naturen rundt oss. Vi legg vekt på sporlaus ferdsel, og plukkar alltid med oss søpla vår heim frå tur. I barnehagen kjeldesorterer vi, og barna er aktivt med og hjelper med bretting av kartong, skylling av plast, og dei kastar matrestane i matavfallet. Barna er også med på ryddedugnadar både innanfor og utanfor gjerdet til barnehagen. Vi nyttar mykje gjenbruksmateriale når vi har formingsaktivitetar og forsøker å lære barna at leikene vi har i barnehagen har ein verdi, og at vi må ta vare på det vi har.





## Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegrøde og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlagning i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»


(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).



## Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

- Barnehagen har fokus på meistring og at vi er gode nok som vi er. Vi har stort fokus på positive tilbakemeldingar og oppmuntring i læring. Vi gir barna ulike erfaringar med det å takle motgang og å handtere utfordringar. Vi støtter dei i følelsane dei har, og hjelper dei med å setje ord på desse. Vi nyttar ulike arbeidsverktøy i vårt arbeid med emosjonsveiledning td. Tubing in to kids og Livet og sånn
- Vi legg til rette for fysisk aktivitet på mange måtar. Vi har eige aktivitetsrom som er utforma for å stimulere til rørslegrøde for både dei minste og eldste. Her legg vi til rette for vaksenstyrt, motoriske aktivitetar så vel som tumlelek for dei yngre. Ballbingen på uteområdet vårt er populært til bruk til song- og bevegelses leikar og ikkje minst får barna bevege seg i ulent og variert terreng på tur. Alle barn skal på minst ein tur i veka som er tilpassa barnets alder, evne og modning.
- Vi forheld oss til SmartMat sine kosthaldsråd. Målet er at vi skal gi barnet det beste utgangspunktet for vekst og utvikling gjennom eit sunt og variert kosthald samt gi dei gode vanar som dei tek med seg vidare i livet. I tillegg til å føle kosthaldsråda handlar vi egg lokalt, og bruker økologiske havregryn og rosiner.

**Mattilbud | Lande FUS barnehage as**



# 4. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarkartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

**Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det innhold tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barn si allsidige utvikling: sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing, samt læringsstøtte.**

## Sosioemosjonell støtte og veiledning:

Sosioemosjonell støtte og veiledning handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjoner med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknyting og ha ei oppleveling av sjølvråding og sjølvstende.

**Positivt klima:** I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har en god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

**Negativt klima:** Det er fråver av at dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna.

**Sensitive voksne-trygge barn:** Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteresserte, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

**Barns perspektiv og medverkad:** Dei tilsette følgjer barnas initiativ og idéar, viser fleksibilitet og ivaretak barnas perspektiv. Dei lar barna uttrykke seg og etterspør barnas idéar, gir barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.



### **Emosjonskompetanse hos barn og ansatte:**

Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå eigne kjensler og handtere dei. Det handlar om å hindre at stress og uro overveldar evna til å tenke klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

**Emosjonsveiledning:** I emosjonsveiledning er dei tilsette medvitne barnets kjensler, er til stade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnets kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

### **Organisering og leiing:**

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skaper ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for leik og læringsituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutiner og strukturar for å

skape føreseielegheit og tryggleik, slik at barna kan engasjere seg i meiningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

**Gruppeleiing og veiledning:** Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemld til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

### **Tilrettelegge for leik, læring og overgangar:**

Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikrar flytande overgangar. Barna kjenner til regler, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhold og aktivitetar er godt førebudde.

**Variasjon:** Det er varierte og interessante materialar i barns høgde. Dei tilsette tek barns perspektiv og legg til rette for barns deltaking i aktivitetar.



### Læringsstøtte:

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gir støtte til barnas læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forsking på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å kunn lære fakta og å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av hverandre, lagt vekt på. Barns kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleik, og om dei tilsette støttar utviklinga av stadig meir komplekse dugleikar. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever mening og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve mening for at læring skal kunne skje.

### Omgrepsutvikling, forståing og dybdelæring:

Dei tilsette nytta læringsfremjande diskusjonar og aktiviteter saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tilegne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barnas forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktivitetten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjening fremjer læring. Dei tilsette etterspør barns tenkning og problemløysing.

**Tilbakemeldingar:** Barn treng tilbakemeldingar på eigen læring for å få mest mogleg ut av en situasjon/aktivitet. Når barna er i leik og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gi hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål - svar - sekvenser, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

**Språk:** I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram- og tilbakevekslinger mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krevast meir enn eitt eller to ord til svår, dei repeterer og videreutviklar barnas utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarer ord og knyt ord til hendingar/erfaringer her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barns språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

**Eigenleiing i leik og læring:** Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleiingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering, igangsetting. Dei tilsette legg til rett for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barnas leik.

## **Slik arbeider vi med Barnet først:**

### **OMSORG**

Rammeplanen seier: "Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpe og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna."

Vi jobbar for at alle børn, gjennom heile barnehagetida skal oppleve å føle seg trygge i barnehagen. Heilt frå første dag i tilvenningstida skal den vaksne vere bevist si rolle som omsorgsperson og ha kunnskap om korleis ein skal møte barn og foreldre på ein god måte. Personalet skal være nære og omsorgsfulle vaksne som er til stades for borna når dei har behov for det. Gjennom støtte og veiledning frå vaksne i leik skal borna erfare at dei er gode nok som sei er og at dei vert satt pris på. Dei skal lære og gi omsorg, trøyst og støtte til andre som trenger det og.

### **LEIK**

Barnehagen skal prioritere leiken i barnehagen og legge til rette for at leiken har ein sentral plass i barnets kvardag. Barnehagen legg til rette for ulike typar leik ved å ha eit rikt og variert leikmiljø, og ved å bruke rommet som den 3. pedagog. Inne i barnehagen skal personalet sørge for at romma innbyr til leik ved å ha leikeutstyr tilgjengeleg framme og sørge for at det er tid og plass nok til å at barna får utvikle leiken og utfolde seg. Leiken er barnets viktigaste arena for barns utvikling og læring. Gjennom leiken vil vi at borna skal utvikle seg sosialt, språkleg og motorisk. Dei vaksne er tilgjengelege i leiken og har ei aktiv rolle for å gi støtte der det trengst og for å sikre at alle er inkludert og trivest. Borna kjem først i leik enten den er "fri" eller tilrettelagt av ansatte. Vi responderer på barnets initiativ og bygger videre på dette for å gi den læringstøtta som er nødvendig i kva enkelt situasjon.

### **DANNING**

Rammeplanen seier: "*Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som individuelle uttrykk og handlingar skal verdsjast og følgjast opp. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet. Barnehagen skal bidra til å fremje tilhørsla til samfunnet, naturen og kulturen.*"

Personalet legg vekt på å skape ei felles forståing av korleis vi skal oppføre oss ilag og korleis handlingane våra påverkar omgivelsane rundt oss. Målet er at borna skal få ei forståing i kva verdiar som er viktige og korleis vi på best måte kan handle uti frå desse.

### **KOMMUNIKASJON OG SPRÅK**

Dei ansatte bruker språket aktivt i kvardagen for å gi barna eit rikt språkmiljø. Personalet har hyppige samtalar saman med barna med mange fram og tilbakevekslinger mellom barn og ansatte. Vi stiller mange opne spørsmål, repeterer og utdjupar barna sine utsegn for å utvikle og utvide ordforrådet. Vi knyt ord til hendingar, bruker både sjølv -og parallellsnakk i kvardagen. Personalet utnyttar alle situasjonar til å bade borna i rikt språk. Dei minste startar på stellebordet med samspel, kroppsspråk og lydar, medan dei eldste utnyttar situasjonar som påkledning og måltid som gode arena for språkleg utvikling, både spontant og i samlingstundar. Aktivitetar som høgtlesing og bruk av historieforteljing med konkretar har og På Eklogitt og Kvarts er borna med i språkgrupper jamleg. I gruppene legg den vaksne til rette for aktivitetar som har som hensikt å gi borna betre språklege ferdigheiter.

### **VENNSKAP OG FELLESSKAP**

I vår barnehage står fellesskapsfølelsen sterkt. I personalgruppa har vi fokus på at vi er ein barnehage der alle tek vare på kvarandre, uavhengig av kva avdeling vi arbeider på. Både store og små. Vi jobbar for at denne fellesskapsfølelsen og skal prege også borna slik at dei opplever å vere eit samla "vi" i barnehagen. Personalet tilrettelegg for turar og leikegrupper på tvers av avdelingane kvar veke for å sikre at borna som er født i same kull vert godt kjend med kvarandre.






## 5. BARN SIN MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

### Våre metodar for å sikre barns medverknad:

- Vi hører på kva barna har å seie, og tek innspela deira på alvor i stort og smått. Dette tek vi med oss vidare både i utvikling av den spontane leiken, men også i planlegging av barnehagekvardagen elles. Barnas interesser, ønsker og utviklingsnivå ligg til grunn når vi planlegg aktivitetar, turar og bursdagsfeiringar.
- Vi planlegg det fysiske leike- og læringsmiljøet vårt med utgangspunkt i observasjonar av barna. Observasjon av kva interesser seg for sit oss idear å spele vidare på.
- Kvar vår har vi barneintervju med ei gruppe store barn. Intervjua skal gi oss innsyn i kva barnet meiner om barnehagekvardagen sin. Desse tilbakemeldingane skal di oss ein peikepinn på kva vi bør gjere meir eller mindre av.





## 6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

### Våre metodar for å skape eit godt foreldre-samarbeid:

- Dagleg kontakt med heimen i hente og bringesituasjonar
- Foreldremøte for nye barn i mai
- Foreldremøte for alle i september
- Udir (utdanningsdirektoratet) brukarundersøking for foreldre i februar
- Bruk av MyKid som kommunikasjonsverktøy
- Foreldreråd og SU (val i september)
- Invitasjon til foreldresamtale min ein gong pr år, førskuleborna får tilbod om to.

### Samarbeid med andre instansar:

- Administrasjon i Ålesund kommune
- PPT
- Barneverntenesta
- Helsestasjonen/ helsejukepleiar
- Dei andre fire FUS-barnehagane i nettverk Sunnmøre
- Ørskog Skule
- Høgskulen i Volda
- Årøyhaugen barnehage
- Ørskog Kyrkje



## 7. OVERGANGAR

### Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

### Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning:

- Onboarding via MyKid
- Nye born får tilbod om besøksdagar
- Foreldremøte for nye born i mai
- Velkomstbrev og info vert sendt til nye barn i forkant av oppstart
- Foreldreaktiv tilvenning | Lande FUS barnehage as


## **Overgangar inn ad i barnehagen**

Personalalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

## **Våre metodar for å sikre ein god overgang inn ad i barnehagen**

For å sikre ein god overgang frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling for borna som skal bytte avdeling har vi utarbeida ein plan for korleis dette skal gjerast. Vi vil sikre at barna får godt tid til å bli kjent med dei fysiske romma, personalet, rutinane og barna på den nye avdelinga dei skal byrje på. Vi sett av totalt fire veker til dette frå januar til mai som vi kallar tilvenningsveker.



## **Overgang frå barnehage til skule**

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysjerrigkeit og tru på eigne evne.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

## **Våre metodar for å sikre ein god overgang til skolen:**

- Førskulegruppa vert etablert som felles gruppe allereie i august. Då startar arbeidet med å etablere gruppfølelsen, skape samhold og starte på dei skuleforberedande aktivitetane. Alle borna på førskulegruppa går saman på avdelinga Eklogitt. Dei har ein fast førskuleklubb-dag og ein fast turdag i veka. Når resten av barnehagen har tilvenningsveker er førskulegruppa samla og har eige opplegg.
- Vi arrangerer treffpunkt saman med førskulegruppa på Årøyhaugen barnehage og besøker også skulen på vårparten.
- Plan for førskullearbeidet på Lande FUS her
- Plan for overgang barnehage –skule i Ålesund kommune her.





## 8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

### Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunngitt i barnehagelova og rammeplanen.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er vi lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerleg utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg fagleg oppdatert og er gode rollemodellar. Senge (2006) seier: «ein lærende organisasjon er ein organisasjon som kontinuerleg forbererer si evne til å skape si eiga framtid.» Vi legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

### Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- Vi tek imot studentar frå høgskulen i Volda og andre opplæringsinstitusjonar.
- I avdelings/personal/leiarmøter og planleggingsdagar drøftar og reflekterer vi over eigen praksis
- Vi deltek i FUS-skulen og held oss oppdaterte
- Tilbakemeldingar som for eksempel utviklingsamtalar, foreldreundersøkingar, SU og dagleg kontakt med foreldre og barn.

### Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

### Våre metodar for planlegging:

- Vi brukar vektlege møter i lederteam og avdelingsmøter til å planlegge den pedagogiske verksemda.
- Vi nyttar 5 planleggingsdagar til planlegging og fagleg utvikling
- Pedagogar har minimum 4 t ubunden arbeidstid som skal nyttast til planlegging og dokumentasjon.

## Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut fra barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpende, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

## Våre metodar for vurdering:

- Vi bruker avdelingsmøter, lederteam og personalmøter til å evaluerere og vurdere det pedagogiske arbeidet vi gjer på barnehagen.
- Resultatet av Udir sin Foreldreundersøkelse i november ligg til grunn for vurdering av praksis.
- Kvart år i oktober – november vert det gjort CLASS-observasjonar. Observasjonane vert gjort va ein ekstern Class-sertifisert observatør. Tilbakemeldingane/resultata frå desse legg grunnlag for handlingsplanen som skal sikre ytterligare heving av kvalitet.

## Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

## Våre metodar for dokumentasjon:

- Vi nyttar kalender-funksjonen i MyKid til å synleggjere alle planlagde aktivitetar i barnehagen.
- I kvart månadsskifte sender avdelingane ut nyheitsbrev til foreldra der dei informerer om kva som har vore gjort i den førige månaden og kva som skal skje den påfølgande.
- Personalet nytter vi skriftlege planar i planlegging av det pedagogiske innhaldet i barnehagen



## Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å legge til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

## Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- Barnehagen brukar kommunens dokument «frå undring til tiltak» når vi ser at det er noko vi undrar oss på i forhold til enkeltbarn. Målet er å styrke barnehagen sitt ordinære tilbod i høve systematisk arbeid med faktorar som bidreg til eit godt miljø for alle barn. Det sikrar heilsakleg innfallsvinkel og har i større grad systematisk arbeid med miljø og omgjevnader som kan forsterke god utvikling. Frå undring til tiltak gir sterkare systematikk i arbeidet med omgjevnadar, barnegrupper og einskildbarn, og det bidreg til tidlegare og betre foreldresamarbeid.
- Barnehagen tilretteleggjer i stor grad ved å dele barnegruppa i mindre grupper deler av dagen
- Observante og lydhøre ansatte som ser barnas ulike behov.
- Drøftingsmøte med andre instansar som ressursbasen, helsestasjon, ppt, barnevern.



## 9. BARNEHAGEN SINE FAGOMRÅDE

**Barnehagen har 7 ulike fagområde:**

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, røyrslle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidraga til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

## Våre metodar for å ivareta rammeplanens føremål med fagområda:

### KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKT

1-3 år: Vi nyttar høgtlesing, eventyr, rim, regler, song og musikk. Bøker er lett tilgjengeleg på avdelinga. Aktivt bruk av språket med barna, gjenta med rett ord det barna seier. Sette ord på alt vi gjer. Bruk av konkretar som visuell støtte til språket, både til forteljingar og i daglege gjeremål. Vi bruker språkkasser vekentleg som eit ledd i stimulere språkutviklinga.

4-6 år: Vi deltek i leik og hjelper barna til å nytte språket som reiskap for konfliktløysing. Rollelek, bøker, ulike typer samtalar, song og musikk, dramatisering og forteljingar. Vi nytter eigne språkkasser i gruppedeling vekentleg. Bruk av konkretar som visuell støtte til språket, td. figurar i eit eventyr eller dagtavlesymbol i påkledning. Vi kan reflektere og stille spørsmål. La barna få erfare at språket blir brukt på ein god og positiv måte. Verdsette kjenslene til borna.

### KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE:

Avdelingane har lagt til rette for at borna kan bevege seg fritt med god tumlelass. Småbarnsavdelingane har ulike soner inviterer og legg til rette for ulik motorisk leik, madrassar, puter og større områder der dei små kan springe og danse. Barnehagen har eit eige aktivitetsrom med klatrevegg, ballbinge og hule. Denne verntynna av alle. Småbarna er ute å leikar kvar formiddag, og går på tur ein gong i veka. Storbarna er ute minimum ei lang økt for dag (frå 2-6 timer) og på tur ein gong i veka. Tur og uteleiken gir moglegheit for eim meir allsidig rørslelek og at barna beveger seg i ulendt terreng og styrker barna si motoriske utvikling. Vi skal sjå behova til kvart enkelt barn og ha ein god balanse mellom fysisk aktivitet og ro/kvile. Barnehagen tilbyr eit sunt og variert kosthald basert på FUS sine SmartMat-retningslinjer. Vi prioriterer god tid og god stemning rundt bordet når vi har måltid. Måltida gir ikkje berre eit godt grunnlag for vekst og utvikling men påverkar også barnets kostvanar seinare i livet. Storbarnsavdelingane arbeider aktivt med følelsar gjennom heile året. ([livetogsånn.no](http://livetogsånn.no))



## KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

1-3 år: Lytte til musikk og bevege seg til musikk. Sanseleik med variert materiale om td ris, plastalin vatn og skum. Historieforteljing med konkretar, bruk av bildebøker og enkel dramatisering.

4-6 år: Barna skal få bruke fantasien, utfolde seg kreativt og oppleve glede ved å skape. Barna skal i denne prosessen få tilgang og erfaring mange ulike materialar å jobbe med. Barna skal få bli kjend med både eigen og andre sin kultur gjennom daglege aktivitetar som t.d. mat og måltider men også gjennom ulike høgtider som vert markert. Barnehagen har fokus på friluftsliv og nytter turane i nærområdet til å formidle norsk kultur og lokal kulturhistorie.

## NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

1-3 år: La barna få bruke sansene sine og utforske nærområdet til barnehagen. Barna skal få møte kryp i skogen, meitemark i molda og få erfaringar med skifte i vær og årstider. Ansatte skal bruke naturen til å undre seg saman med borna og til å vekke nysgjerrigkeit og vitelysta til barna.

4-6 år: Barna skal få oppleve og utforske naturen og naturens mangfold. Vi vil gi borna kjennskap til det rike dyrelivet vi har rundt oss og kunnskap om naturens kretsløp. Vi går på tur uansett vær og årstid og er flinke til å tilpasse turen slik at alle skal få gode friluftopplevelingar. Vi ferdast sporlaust i naturen og lærer borna korleis vi skal ta vare på den.



## MENGD, ROM OG FORM

1-3 år: Barna skal få bruke kroppen sin til å gjøre seg erfaringar og utvikle romforståing. I leik kan dei t.d. krype under, bak, gøyme og klatre i høgda. Barna får erfare ulike storleikar i sone omgjevnadar og samanlikne desse. Vi skal gi dei ei gryande forståing av mengde, talet som symbol og teljing, og samanhengen mellom dette. Dei skal lære og kategorisere gjenstandar, td gjennom sortering av leiker når dei ryddar leikematen for seg og dyra for seg. Barna skal bli kjend med og omgrep som stor-liten, framføre- bak, oppe og nede.

4-6 år: Barna skal få ein utvida kjennskap til former, både to -og tredimensjonale. Gjennom å delta på kvardagsaktivitetar skal borna få lære om mengde, tal og teljing. Døme på dette er å måle opp ingrediensar når vi bakar brød eller dekker på bordet før eit måltid. Vi skal bruke naturen aktivt når vi er på tur for å bygge på dei erfaringane borna gjer deg i det daglege. Bedømme avstand, orientere oss i naturen, samanlikne mengder og sjå etter former og symmetriar.

## ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI


1-3 år: Øve på å ta omsyn til kvarandre. Arbeide med empati og sosial kompetanse. I samarbeid med foreldra legg barnehagen til rette for å markerer høgtider som er naturleg med tanke på kva religionar som er representert i barnegruppa.

4-6 år: Personalet legg vekt på å skape ei felles forståing av korleis vi skal oppføre oss ilag og korleis handlingane våra påverkar omgivelsane rundt oss. Målet er at borna skal få ei forståing i kva verdiar som er viktige og korleis vi på best måte kan handle uti frå desse. I samarbeid med foreldra legg barnehagen til rette for å markere merkedagar, tradisjonar og høgtider som er naturleg med tanke på kva religionar som er representert i barnegruppa. Få ei forståing av at vi han ha ulike måtar å forstå ting på og og leve saman på. Vi skal utvikle barns toleranse, respekt interesse for kvarandre og for menneske med ulik kultur og religiøs tilhøyrigheit.

## NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Vi gjer oss kjend med lokalhistoria til bygda vår bruker nærmiljøet aktivt med turar og besøk. Vi dreg jamleg på besøk til sjukeheimen og busenter i regi av at vi er Livsgledebarnehage. Når vi er på tur har vi fokus på trafikk og korleis vi skal orientere oss og ferdast. Vi løfter fram mangfaldet vi har i gruppene ved å snakke om dei ulik familieformene og levemåltane vi har. Dette for å gi kunnskap og forståing for korleis samfunnet vi lever fungerer i.





## NOTATER:



NOTATER:

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---



Kunnskapsdepartementet. (2017).  
Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.  
Hentet fra <https://www.udir.no>